



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

22/1224-

Dato

24. mai 2022

Svar på skriftleg spørsmål nr 2060 frå stortingsrepresentant Helge André Njåstad til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

«Hvilke ferjesamband til samfunn utan omkøyringsveg inngår ikkje i regjeringa sitt forslag til gratis, ferjer og kva er provenyet pr samband for også å inkludere desse i ordninga?»

Svar:

I framlegg til revidert statsbudsjett for 2022 er det gjort framlegg om å innføra gratis ferjer på delstrekningar til øyar og samfunn utan vegsamband til fastlandet i fleirkantsamband, jf. tabell 2.3 i Prop. 115 S (2021-2022). Det som ikkje er omfatta av framlegget er samband til øyar og veglause samband med over 100 000 passasjerar. Basert på tal frå 2019 fall 16 samband inn under denne kategorien, jf. tabell under med passasjertal og nettoinntekter. Ruter med årsdøgntrafikk under 10 personbileiningar er klassifiserte som båtruter, og er heller ikkje inkluderte.


Fylke	Samband	Antall passasjerar inkl. førar 2019	Nettoinntekt
			2019 (mill. 2022-kr)
Agder	Launes - Kvellandstrand	227 504	5,6
Møre og Romsdal	Aukra - Hollingsholmen	638 123	17,9
Møre og Romsdal	Brattvåg - Dryna - Fjørtofta - Harøya	252 498	13,1
Møre og Romsdal	Edøya - Sandvika	211 833	8,7
Møre og Romsdal	Solholmen - Mordalsvågen	338 407	8,8

Nordland	Festvåg - Misten	168 383	5,6
Nordland	Forøy - Ågskardet	140 988	5,7
Nordland	Horn - Andalsvåg	136 900	6,0
Nordland	Sandnessjøen - Dønna - Løkta	251 811	11,8
Nordland	Søvik - Herøy	222 149	12,2
Rogaland	Mekjarvik - Kvitsøy	135 612	5,7
Rogaland	Vassøy	105 794	3,1
Troms og Finnmark	Stornes- Bjørnerå	238 785	5,9
Trøndelag	Levanger - Hokstad	143 059	5,8
Trøndelag	Ølhammeren - Seierstad	110 128	2,3
Vestland	Krokeide - Hufthamar	454 006	29,5
Totalsum		3 775 980	147,7

Sambandet Brattvåg - Dryna - Fjørtofta - Harøya er planlagt endra til Brattvåg - Dryna ved opning av Nordøyvegen i 2022. Av totalt tal passasjerar og inntekt på dette sambandet utgjorde reisande på strekninga Brattvåg - Dryna 85 826 passasjerar og inntekt på 3,9 mill. 2022-kr. Justert for planlagt ruteendring var inntekta i 2019 frå samband innanfor dette utvalet 138,5 mill. kr.

Sambandet Skjeltene – Lepsøya – Haramsøya er nedlagt grunna delopning av Nordøyvegen og er ikkje med på lista.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård

Kopi
Kommunal- og distriktsdepartementet
Statens vegvesen